



NAUSTDAL KOMMUNE

Arkiv: K1 - 231
JournalpostID: 18/6244
Sakshandsamar: Kjell Skaflestad
Dato: 07.11.2018

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
18/023	ELDRERÅDET	13.11.2018
18/019	RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE	13.11.2018
18/023	KOMITE FOR HELSE OG SOSIAL	15.11.2018
18/077	FORMANNSKAPET	29.11.2018
18/051	KOMMUNESTYRET	13.12.2018

Betalingsattsar for helse- og omsorgstenester 2019

Vedlegg i saka:

31.10.2018 Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester - Lovdata 96082

TILRÅDING:

Betalingsattsar og husleige innafor helse og omsorgssektoren vert auka i samsvar med forventa kostnadsvekst 2019, 2,8 %, med verknad frå 01.01.2019.

Kurdøgnpris for langtids plass ved Naustdal sjukeheim, vert fastsett til 2.700 kr pr. døgn.

Betalingsattsar for korttidsopphald, dag/natt-opphald, heimehjelpstenester og andre sentralt regulerte betalingsattsar, vert justerte i samsvar med statleg fastsette maksimalsattsar.

Dei statlege satsane for stønad til livsopphald, skal leggest til grunn for utmåling av økonomisk sosialhjelp.

Rådmannen får fullmakt til å gjere strukturelle endringar i betalingsattsane med tanke på tilerettlegging for elektronisk formidling av faktureringsgrunnlag.

13.11.2018 ELDRERÅDET

Handsaming:

ER-18/023 Vedtak:

Eldrerådet rår frå å auke betalingsattsane for helse og omsorgstenester i 2019, med tanke på at

pensjonane over tid ikkje har fylgt kostnadsvekst. Med den høge eigedomsskatten i kommunen kan det vere krevjande økonomisk for pensjonistar/uføretrygda å sitje med eigedomane sine. Samr.

13.11.2018 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Handsaming:

RFF-18/019 Vedtak:

Rådet tilrår å ikkje auke husleigesatsane for omsorgsbustadar, då bustøtta er kraftig redusert eller fell bort for bebuarane.

15.11.2018 KOMITE FOR HELSE OG SOSIAL

Handsaming:

Tilrådinga frå rådmannen samrøystes godkjend.

HSK-18/023 Vedtak:

FRAMLEGG FRÅ HSK:

Tilråding frå rådmann

29.11.2018 FORMANNSKAPET

Handsaming:

Tilrådinga samrøystes vedteken

Saksordførar : Fredrik Myrvang

F-18/077 Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere fylgjande vedtak;

Betalingssatsar og husleige innafor helse og omsorgssektoren vert auka i samsvar med forventa kostnadsvekst 2019, 2,8 %, med verknad frå 01.01.2019. Kurdøgnpris for langtids plass ved Naustdal sjukeheim, vert fastsett til 2.700 kr pr. døgn. Betalingssatsar for korttidsopphald, dag/natt-opphald, heimhjelpstenester og andre sentralt regulerte betalings satsar, vert justerte i samsvar med statleg fastsette maksimalsatsar. Dei statlege satsane for stønad til livsopphald, skal leggest til grunn for

utmåling av økonomisk sosialhjelp. Rådmannen får fullmakt til å gjere strukturelle endringar i betalingssatsane med tanke på tilrettelegging for elektronisk formidling av faktureringsgrunnlag

13.12.2018 KOMMUNESTYRET

Handsaming:

Formannskapet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

K-18/051 Vedtak:

Betalingsattsar og husleige innafor helse og omsorgssektoren vert auka i samsvar med forventa kostnadsvekst 2019, 2,8 %, med verknad frå 01.01.2019.

Kurdøgnpris for langtids plass ved Naustdal sjukeheim, vert fastsett til 2.700 kr pr. døgn.

Betalingsattsar for korttidsopphald, dag/natt-opphald, heimehjelpstenester og andre sentralt regulerte betalingssattsar, vert justerte i samsvar med statleg fastsette maksimalsattsar.

Dei statlege sattsane for stønad til livsopphald, skal leggest til grunn for utmåling av økonomisk sosialhjelp.

Rådmannen får fullmakt til å gjere strukturelle endringar i betalingssattsane med tanke på tilrettelegging for elektronisk formidling av faktureringsgrunnlag.

Saksopplysningar:

Gjeldande betalingssattsar for tenester og husleige innafor helse og omsorgssektoren, er fastsett i K-sak 17/042.

I statlege budsjettføresetnader er det rekna med ein forventa lønns- og prisvekst i 2019, på 2,8 %.

Vurdering:

Med tanke på harmonisering av betalingssattsar mellom kommunane som frå 01.01.20 går saman i Sunnfjord kommune, må det gjerast ei meir omfattande vurdering av eigenbetaling for helse og omsorgstenester i løpet av 2019.

Det er i budsjettarbeidet for 2019 ikkje komme fram behov for særskilt regulering av nokon av betalingssattsane innafor helse og omsorgssektoren. Rådmannen rår difor til at gjeldande betalingssattsar vert indeksregulert med 2,8 % auke frå 01.01.2019.

Betalingsattsane for aktivitetstilbod innan avd psykisk helse fekk for 2018 ei høgare oppjustering enn andre sattsar, som fylgje av behovet for å ha avrunda betalingssattsar å forhalde seg til. Desse sattsane vert difor ikkje foreslått auka for 2019.

Det vert framleis arbeid med overgang til elektronisk formidling av fakturagrunnlag frå fagsystemet i pleie og omsorg, Gericca, til kommunen sitt økonomisystem. Det kan bli behov for korrigeringar i strukturen for betalingssatsar, for å legge til rette for elektronisk overføring. Ein føreset at eventuell korreksjon, i seg sjølv ikkje skal medføre auka eigenbetaling for tenestemottakarar.

Med utgangspunkt i vedtekte betalingssatsar for 2018, vert husleige og betalingssatsar for 2019 auka med 2,8 % til slike betalingssatsar for 2019:

	Betalingssats 2018	Framlegg betalingssats 2019	Betalingssat s 2018	Framlegg betalingssats 2019
Abonnement levert i heimen/omsorgsbustad, pr. månad	Innt under 2G	Innt under 2G	Innt. over 2G	Innt. over 2G
Fullkost (frukost, middag, kaffimat, kvelds)	kr 3 979	kr 4 091	kr 4 230	kr 4 348
Kjøp av middag inkl. suppe/dessert	kr 2 685	kr 2 760	kr 2 934	kr 3 016
Kjøp av tørrmat(Frukost + kvelds)	kr 1 402	kr 1 441	kr 1 402	kr 1 441
Enkeltmåltid				
Frukost	kr 55	kr 56		
Middag liten porsj.	kr 80	kr 82		
Middag stor porsj.	kr 98	kr 101		
+ utkøyring av middag	kr 32	kr 32		
Kveldsmat	kr 61	kr 63		
Kaffi	kr 32	kr 32		
Andre tenester:				
Leige og vask av sengetøy ,Handdukar m.m.	kr 756	kr 777		
Vask av privat tøy	kr 864	kr 889		
Hygieniske artiklar	kr 223	kr 229		
Tryggleiksalarm	kr 238	kr 244		
Husleige for bustadar disponert av Omsorgstenestene				
Rom i delt leilegheit i "småhusa ved NAS"/"Hus 4"	kr 4 342	kr 4 464		
Husvære i bukollektiv Seljetunet og Bjørketunet	kr 4 342	kr 4 464		
Husvære 1 i sokkel under BUK	kr 5 843	kr 6 007		
Husvære 2 i sokkel under BUK	kr 5 454	kr 5 607		
Husvære 1-3	kr 6 177	kr 6 350		
Husvære 1-3 (1 soverom)	kr 5 454	kr 5 607		
Husvære 4 (3-4 soverom) (heile huset)	kr 7 560	kr 7 772		
Husvære i Gardsbøen	kr 6 573	kr 6 757		
Husvære Naustdalstunet	kr 5 521	kr 5 676		
Husvære Friishagen	kr 5 521	kr 5 676		
Husvære Friishagen (2)	kr 5 929	kr 6 095		
Andel til dekning av straum	kr 777	kr 799		
Betalingssatsar for Heimehjelpstenester			Pr. mnd	
- mellom 2 – 3 G	kr 172	kr 177	kr 1 770	
- mellom 3 – 4 G	kr 216	kr 222	kr 2 220	
- mellom 4 – 5 G	kr 227	kr 234	kr 2 340	
- Over 5 G	kr 243	kr 250	kr 2 500	
Aktivitetstilbod				
«Hei og Hå» aktivitetstilbod til barn / unge 5-10 kl	kr 100	kr 100		
Spinning				
Ungd. opp til 23 år	kr 110	kr 110		
Uføre / stønadsmottakar	kr 110	kr 110		
Pensjonistar	kr 110	kr 110		
Andre	kr 180	kr 180		
Spinning og Styrketrening				
Spinning og styrketrening	kr 230	kr 230		
Spinning og styrketrening for kommunetilsette	kr 180	kr 180		
Spinning og styrketrening pensjonistar / ungdom	kr 130	kr 130		

